



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1981

Namnet på vatnet

Grindevatnet

Kommune

Tysvær

Markarbeidet, arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ Einar Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge - Øyvind Vasshaug.

G R I N D E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 26. august 1981.

Vatnet ligg i Tysvær kommune, nord-aust for Grinde sentrum, og vest for Litleskog.

Arealet er snaut 25 ha. og h.o.h. 28 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn.

Stranda består av stein og fjell, men og noko sandstrand.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Vegetasjonen i strandsona er frodig og ein vil finna botngras, brasmegras, nøkkeroser, siv og algevegetasjon.

Nedslagsfeltet femner om noko dyrka mark, kulturbeiter, kulturskog, myr og snaufjell.

Største tilsiget er Sandbekken på austsida, men forutan dette fell det inn nokre mindre bekketilsig.

Avlaupet renn ut i vest til Grindevågen.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 3.0 m og fargen på vatnet brunleg-gul som indikerar påverknad av humus.

Surheita pH er målt til 5.48 som er godt brukande for ferskvassfisk.

Innhaldet av kalsium (Ca/l) er målt til 3.10 mg/l og den totale hardheita 4.05 mg/l. Bufferemna er såleis tålig god samanlikna med andre analyserte vatn.

Elektrisk leiingsemne (uS/cm) = 43.0.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup. På 2.0 m vart det funne 3 vannskorpioner, 2 vassteger, 3 fjærmygglarver, 1 vårfluge-larve, 1 vasskalv, 1 vassnymfe og 3 muslingar - i alt 140 individ pr. m².

5.0 meteren gav som resultat ein del fjærmygglarver og muslingar. Samla resultat syner omlag medels med næringsdyr i høve til andre analyserte vatn og det er det fyrste vatn til denne tid, der ein har funne vannskorpion. Denne er sjeldan i Rogaland.

Mageprøver.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 3 fiskar. Her vart det funne fjærmygglarver, vassteger, augnestikkar-larver og store mengder plankton (*bythotrepes longimanus*).

Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontaltrekk på ca 50 m, med planktonhov, og resultatet må karakteriserast som ein fattig prøve.

Fisk m.v.


Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet! Ferskvasssaure, stingsild og ål.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 9 aurar.

Fordeler vi fangsten på garnomfara får vi denne grafiske framsyninga.



Fordeler vi fangsten på cm-klassar vil ei grafisk framsyning sjå slik ut.



Det vart teke prøver av alle fiskane og av desse var 7 røde, 1 lys-rød og 1 kvit i fiskekjøttet.

Ingen av fiskane var angripne av parasittar.

Vidare var det 6 hanfiskar og 3 hofiskar.

Medelvekta av alle fiskane var 334 gram og største fisken 790 gr.

Det var 8 gytetfisk og 1 gjeldfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor:

	Ålder ved vintēr					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4.0	8.6	15.8	23.7	32.0	31.0
Årleg lengdetilv. i cm	4.0	4.6	7.2	7.9	8.3	1.0
Antall fiskar	9	9	9	8	3	1

Medel kondisjonsfaktor = 1,17 tilseier fisk av mykje god kvalitet.

På neste side har vi sett opp ein vekstkurve for auren i Grindevatnet og samanlikna denne med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år).

Som vi her vil sjå, ligg veksten fyrste året under normalen, noko som skuldast opphaldet i gytetbekken. Når fisken kjem ut i vatnet blir veksten god og godt over normalen. Den knekken kurven gjer ved 5 års alder kan ein sjå bort frå, då dette berre skuldast 1 fisk.



Til vanleg er det ca. 25-30 fiskar som dannar bakgrunnen for ein slik vekstkurve, så då vi her berre fekk 9 fiskar er dette i minste laget, men ein viss peikepinn vil det gi.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må Grindevatnet karakteriserast som eit medels næringsrikt vatn og kor tilhøva ligg vel tilrette for fiskeproduksjon. Fiskebestandet er for lite i høve til det næringsferrådet vatnet inneheld.

Ser vi på dei kjemiske tilhøva, så er desse relativt gode samanlikna med andre analyserte vatn, og botnprøvene syner at mange arter av verdfulle næringsdyr er å finna.

Omfarfordelinga, saman med cm-klasseinndelinga, syner fisk av ymse årgangar og storleikar.

Vekstkurve og kondisjonsfaktor syner god vekst og feit fin fisk. Som kjent spelar nedslagsfeltet ei avgjerande rolle når det gjeld næringsdyrproduksjon, og fylgjeleg fiskeproduksjon, i eit vatn. Består dette av kultivert mark vil tilsiga herfrå føre verdfulle næringsstoff med seg, noko som vil gi seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet, og gi gode vilkår for alger og anna plankton som er sjelve næringsgrunnlaget.

Nedslagsfeltet for Grindevatnet er bra i så måte og tilsiga frå kultivert mark slår positivt ut for flora og fauna. Ein får såleis eit relativt bra næringsferråd, noko som også fiskekvaliteten tilseier. Mykje talar for at dette næringsferrådet ikkje er fullt utnytta, slik at ein må gå til utsetjing av fisk.

9 fiskar på 7 garn fortel at det er eit tynt fiskebestand i Grindevatnet i dag. Grunnen til dette er at gytetilhøva ikkje er gode nok og vil vanskeleg kunna stå for ei tilfredsstillande rekruttering. Nedre del av Sandbekken byr likevel på gode gytetilhøve, men om fisken blir fanga på bekken om haustane, vil dette på noko sikt gi negative utslag. Vassføringa i bekken er kanskje også noko ustabil, men viktigast er det at fisken som går på bekken får fred og ro i gytetida. Om så skjer kan ein rekna med ei viss rekruttering i denne bekken.

Praktiske tiltak.

Vi vil tilrå at grunneigarane til Grindevatnet går saman og startar eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einsskil grunneigaren om eit eller anna skulle stå på.

For å utnytta næringsferrådet må ein gå til utsetjing av fisk.

Med eit areal på snaut 25 ha., og med ei avkastning på ca 4,0 kg pr. ha.

skulle den årlege produksjonen vera ca 100 kg.

Om vatnet var fisketomt, ville eit høvande utsetjingstal ha vore omlag 300 fisk pr. år, men då det frå før av er fisk, vil ein slå noko av på dette og setja talet til 200 fisk pr. år i dei næraste åra framover. Fiskekvaliteten framover vil kunna gi svar på om det er sett ut for mykje eller for lite fisk.

Vidare må det ikkje fiskast med garn dei fyrste 2 åra etter utsetjinga, men etter denne tid kan garn av omfar 18 og større nyttast for å hauste den større fisken.

Ein bør gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske straks grunn-eigarlaget er etablert, for dermed å få inn nokre kroner til aktuelle kultiveringstiltak.

Vidare er det viktig at ein føre eit visst tilsyn med Sandbekken, slik at fisken fritt får gyte her.

Grindevatnet er litt av ei perle og ein vil ved hjelp av utsetjing kunna halda eit fint bestand av matnyttig fisk i dette vatnet.

Vart vatnet opna for stangfiske (sportsfiske) var det sikkert mange som ville prøve fiskelukka si nettop her.

Underskrivne vil vera hjelpesam med å setja dei tiltaka som er nemnde ut i livet.

Stavanger 19/3 1982

Einar Berg